

Eksamen

12.11.2021

NOR1212-NOR1232
Norsk sidemål



Sjå eksamenstips på baksida!
Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Askevold, Anders. <i>Gjetere på utsiktspunkt</i>. Maleri frå 1863, https://gwpa.no/nb/lots/12531 Nedlastingsdato 20.09.2021</p> <p>Foldøy, Reidun Elise. «Avskjed». <i>Ein stad å møtast</i>. Oslo: Aschehoug, 2008.</p> <p>Grieg, Nordahl. «Til ungdommen». 1936. Utdrag. https://no.wikipedia.org/wiki/Til_ungdommen Nedlastingsdato 27.08.2021.</p> <p>Hamsun, Knut. <i>Markens grøde</i>. Oslo: Gyldendal, 2009. Utgitt første gong i 1917. Utdrag.</p> <p>Hatterud, Bjørn. <i>Mjøsa rundt med mor</i>. Oslo: Samlaget, 2021. Utdrag.</p> <p>Hessen, Dag O. <i>Verden på vippepunktet</i>. Oslo: Res Publica, 2020. Utdrag.</p> <p>Montaigne, Michel de. «Om reiser». <i>Essays – annen bok</i>. Oslo: Aschehoug, 2013. Til norsk ved Beate Vibe, til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet. Utgitt første gong 1580</p> <p>Ving Norge AS. «Velkommen til nye Ving», annonse i «Ukeadressa», <i>Adresseavisen</i> 16.01.2021.</p> <p>Vaager, Fanny. «Bilde av en brennende tesla». Fiksjonspodkast frå Brageteatret, utdrag frå episode 1. https://www.brageteatret.no/forestilling/bilde-av-en-brennende-tesla/ Skriftleg versjon ved Utdanningsdirektoratet. Foto: Simen Formo Hay/Bragete.</p>
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- Annonse frå Ving reisebyrå i magasinet «Ukeadressa», *Adresseavisen* 16. januar 2021

Gjer kort greie for formålet med den samansette teksten, og forklar korleis etos, patos og logos er brukt.

Kommentar: Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk. Du skal skrive om både etos, patos og logos, men du vel sjølv kva du vil leggje mest vekt på.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- *Gjetere på utsiktspunkt* av Anders Askevold, 1863
- Utdrag frå *Markens grøde* av Knut Hamsun, 1917
- Utdrag frå *Verden på vippepunktet* av Dag O. Hessen, 2020

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for korleis forholdet mellom menneske og natur blir framstilt i dei tre vedlegga. Reflekter over kva verdier som kjem til uttrykk.

Kommentar: Oppgåva er todelt. I den første delen skal du skrive om nokre trekk ved form og innhald i dei vedlagde tekstane, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. I den andre delen skal du vise at du kan reflektere.

Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Til ungdommen» av Nordahl Grieg, 1936
- «Bilde av en brennende tesla» av Fanny Vaager, Brageteatret 2021, utdrag frå episode 1

Samanlikn dei to vedlagde tekstane, og plasser dei i ein kulturhistorisk samanheng.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og vise kunnskap om tida dei to tekstane er skrivne i. Bruk relevant fagspråk.

Oppgåve 3

Vedlegg:

- Utdrag frå «Om reiser» av Michel de Montaigne, 1580
- Annonse frå Ving reisebyrå i magasinet «Ukeadressa», *Adresseavisen* 16. januar 2021
- Utdrag frå *Mjøsa rundt med mor* av Bjørn Hatterud, 2021

Dei vedlagde tekstane tar opp ulike sider ved det å reise. Skriv ein kreativ tekst der du utforskar denne tematikken.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Det skal kome fram at du bruker tekstvedlegga, men du kan bruke dei på ulike måtar. Du kan også trekkje inn eksempel frå andre tekstar du kjenner. Du kan vise kreativitet gjennom innfallsvinklane du vel, og måten du bruker språket på.

Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Avskjed» av Reidun Elise Foldøy, 2008

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og bruke relevant fagspråk.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.
Vedlegg	Askevold, Anders. <i>Gjetere på utsiktspunkt</i> . Maleri fra 1863, https://gwpa.no/nb/lots/12531 Nedlastingsdato 20.09.2021 Foldøy, Reidun Elise. «Avskjed». <i>Ein stad å møtast</i> . Oslo: Aschehoug, 2008. Grieg, Nordahl. «Til ungdommen». 1936. Utdrag. https://no.wikipedia.org/wiki/Til_ungdommen Nedlastingsdato 27.08.2021. Hamsun, Knut. <i>Markens grøde</i> . Oslo: Gyldendal, 2009. Utgitt første gang i 1917. Utdrag. Hatterud, Bjørn. <i>Mjøsa rundt med mor</i> . Oslo: Samlaget, 2021. Utdrag. Hessen, Dag O. <i>Verden på vippepunktet</i> . Oslo: Res Publica, 2020. Utdrag. Montaigne, Michel de. «Om reiser». <i>Essays – annen bok</i> . Oslo: Aschehoug, 2013. Til norsk ved Beate Vibe, til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet. Utgitt første gang 1580 Ving Norge AS. «Velkommen til nye Ving», annonse i «Ukeadressa», <i>Adresseavisen</i> 16.01.2021. Vaager, Fanny. «Bilde av en brennende tesla». Fiksjonspodkast fra Brageteatret, utdrag fra episode 1. https://www.brageteatret.no/forestilling/bilde-av-en-brennende-tesla/ Skriftlig versjon ved Utdanningsdirektoratet. Foto: Simen Formo Hay/Bragete.
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- Annonse fra Ving reisebyrå i magasinet «Ukeadressa», *Adresseavisen* 16. januar 2021

Gjør kort greie for formålet med den sammensatte teksten, og forklar hvordan etos, patos og logos er brukt.

Kommentar: Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk. Du skal skrive om både etos, patos og logos, men du velger selv hva du vil legge mest vekt på.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- *Gjetere på utsiktspunkt* av Anders Askevold, 1863
- Utdrag fra *Markens grøde* av Knut Hamsun, 1917
- Utdrag fra *Verden på vippepunktet* av Dag O. Hessen, 2020

Skriv en resonnerende tekst der du gjør greie for hvordan forholdet mellom menneske og natur blir framstilt i de tre vedleggene. Reflekter over hvilke verdier som kommer til uttrykk.

Kommentar: Oppgaven er todelt. I den første delen skal du skrive om noen trekk ved form og innhold i de vedlagte tekstene, men du kan velge hva du vil legge mest vekt på. I den andre delen skal du vise at du kan reflektere.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Til ungdommen» av Nordahl Grieg, 1936
- «Bilde av en brennende tesla» av Fanny Vaager, Brageteatret 2021, utdrag fra episode 1

Sammenlign de to vedlagte tekstene, og plasser dem i en kulturhistorisk sammenheng.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og vise kunnskap om tida de to tekstene er skrevet i. Bruk relevant fagspråk.

Oppgave 3

Vedlegg:

- Utdrag fra «Om reiser» av Michel de Montaigne, 1580
- Annonse fra Ving reisebyrå i magasinet «Ukeadressa», *Adresseavisen* 16. januar 2021
- Utdrag fra *Mjøsa rundt med mor* av Bjørn Hatterud, 2021

De vedlagte tekstene tar opp ulike sider ved det å reise. Skriv en kreativ tekst der du utforsker denne tematikken.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger. Det skal komme fram at du bruker tekstvedleggene, men du kan bruke dem på ulike måter. Du kan også trekke inn eksempler fra andre tekster du kjenner. Du kan vise kreativitet gjennom innfallsvinklene du velger, og måten du bruker språket på.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Avskjed» av Reidun Elise Foldøy, 2008

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og bruke relevant fagspråk.

Teksten i annonsen på side 9 er gjengitt med svart skrift her:

(logo oppe i høyre hjørne) Safe travel. Bestill trygt. Reis sikkert.

Velkommen til nye Ving.

Flere personlige opplevelser enn noensinne.

For litt over et år siden fikk vi i Ving nye, nordiske eiere. For oss var det en fantastisk, ny start. Sammen med våre nye eiere sparket vi i gang igjen med sterk optimisme og i fremtidsrettet ånd. Siden da har fokuset vårt vært tydelig – å skape enda sterkere reiseopplevelser, mer tilpasset og skreddersydd for våre nordiske gjester.

Så kom rapportene om et nytt virus. Nesten et helt år har gått siden de første medieoppslagene. Et år med en utvikling som har rammet mange mennesker og bydd på store utfordringer for oss alle. Og mange utfordringer gjenstår.

Men vi i Ving har alltid sett fremover, med blikket fast rettet mot en klar og blå horisont. Vi vet at solen omsider vil bryte gjennom skydekket og at en ny, lysere tid ligger foran oss. Vi vet at lengselen etter å reise, se verden og oppleve noe nytt aldri har vært større. Og vi vet at en utenlandsreise også er en indre reise. Og alle har forskjellige veier inn dit. For noen skjer det gjennom å oppdage og oppleve. Andre gjennom dager fylt med aktiviteter. Og for noen gjennom å koble av, ta inn over seg og nyte.

Derfor lanserer vi nå et nytt Ving. Et Ving som ikke bare har fått en utvendig oppgradering, men også et dypere innhold med flere muligheter og flere personlige opplevelser enn noensinne. Familieferier ved bassenget, designhotell ved havet, romantiske storbyhelger, velgjørende yogaretreater, sykkeleventyr i fjellene, kulinariske oppdagelsesreiser på fremmede kjøkken – og mye mer. Snart kommer det også flere spennende nyheter innen bl.a. hotell, treningsturer og naturopplevelser.

Som Nordens ledende feriearrangør har vi med vårt Safe Travel-konsept gjort det både enklere og tryggere å reise med oss, helt fra du bestiller og til du kommer hjem igjen. Så du kan trygt bestille en reise som passer for akkurat deg allerede nå, og få noe fint å se frem til. Når du er klar for å reise igjen, da kommer vi til å gjøre alt vi kan for at dine uker med oss blir de beste ukene i løpet av hele året.

Velkommen til nye Ving!

Marie-Anne Zachrisson
Country Manager Ving Norge

(logo nede i midten av bildet) Ving. Find your wave

Velkommen til nye Ving. Flere personlige opplevelser enn noensinne.

For litt over et år siden fikk vi i Ving nye, nordiske eiere. For oss var det en fantastisk, ny start. Sammen med våre nye eiere sparket vi i gang igjen med sterk optimisme og i fremtidsrettet ånd. Siden da har fokuset vårt vært tydelig – å skape enda sterkere reiseopplevelser, mer tilpasset og skreddersydd for våre nordiske gjester.

Så kom rapportene om et nytt virus. Nesten et helt år har gått siden de første medieoppslagene. Et år med en utvikling som har rammet mange mennesker og bydd på store utfordringer for oss alle. Og mange utfordringer gjenstår.

Men vi i Ving har alltid sett fremover, med blikket fast rettet mot en klar og blå horisont. Vi vet at solen omsider vil bryte gjennom skydekket og at en ny, lysere tid ligger foran oss. Vi vet at lengselen etter å reise, se verden og oppleve noe nytt aldri har vært større. Og vi vet at en utenlandsreise også er en indre reise. Og alle har forskjellige veier inn dit. For noen skjer det gjennom å oppdage og oppleve. Andre gjennom dager fylt med aktiviteter. Og for noen gjennom å koble av, ta inn over seg og nyte.

Derfor lanserer vi nå et nytt Ving. Et Ving som ikke bare har fått en utvendig oppgradering, men også et dypere innhold med flere muligheter og flere personlige opplevelser enn noensinne. Familieferier ved bassenget, designhotell ved havet, romantiske storbyhelger, velgjørende yogaretreater, sykkeleventyr i fjellene, kulinariske oppdagelsesreiser på fremmede kjøkken – og mye mer. Snart kommer det også flere spennende nyheter innen bl.a. hotell, treningsturer og naturopplevelser.

Som Nordens ledende feriearrangør har vi med vårt Safe Travel-konsept gjort det både enklere og tryggere å reise med oss, helt fra du bestiller og til du kommer hjem igjen. Så du kan trygt bestille en reise som passer for akkurat deg allerede nå, og få noe fint å se frem til. Når du er klar for å reise igjen, da kommer vi til å gjøre alt vi kan for at dine uker med oss blir de beste ukene i løpet av hele året.

Velkommen til nye Ving!

Marie-Anne Zachrisson
Country Manager Ving Norge



Annonse i magasinet «Ukeadressa», Adresseavisen 16. januar 2021



Gjetere på utsiktspunkt av Anders Askevold, 1863

Markens grøde

Dagene optokes av jordarbeide og mere jordarbeide, han rensket nye småteiger av marken for røtter og sten, pløyet opp, gjødslet, harvet, hakket, smuldret klumper med hendene, med hælene, var alle vegne jorddyrkeren og gjorde åkrene til fløyelstepper. Han biet et par dager til, det så ut til regn og han sådde kornet.

I flere hundre år hadde vel hans forfedre sådd korn, det var en handling i andakt en stille og mild kveld uten vind, helst mot et miskunnelig og ørlite duskregn, helst så snart som mulig etter grågåstrekket. Poteten det var en ny frukt, det var intet mystisk ved den, intet religiøst, kvinnfolk og barn kunne være med og få den satt, disse jordeplene som kom fra fremmed land likesom kaffen, stor og herlig mat, men i slekt med nepen. Korn det var brødet, korn eller ikke korn det var liv eller død. Isak gikk barhodet og i Jesu navn og sådde, han var som en kubbe med hender på, men innvendig var han som et barn. Han hadde omhu for hvert av sine kast, han var vennlig og resignert. Se, nå spirer nok disse kornøynene og blir til aks og mere korn, og slik er det over hele jorden når korn såes. I Jødeland, i Amerika, i Gudbrandsdalen – å hvor verden den er vid, og den ørlille ruten Isak gikk og sådde på den var i midten av alt. Det strålte vifter av korn ut fra hans hånd, himlen var overskyet og god, det tegnet til et uendelig lite duskregn.

Av Knut Hamsun. Utdrag frå/fra romanen *Markens grøde*, 1917

biet: venta/ventet

handle i andakt: høgtideleg/høytidelig handling

miskunnelig: miskunnsam/barmhjertig, mildt

resignert: aksepterer forholda/forholdene som dei/de er (eldre uttrykksmåte)

Verden på vippepunktet

Mange kjenner i dag en angst for det som venter. Amazonas og Australia brenner, Grønlandsisen smelter, ekstremvær og hetebølger herjer. Havene er fulle av plast, mens insekter, fugler og amfibier – ja, de fleste dyr – er på sterk retrett. Alt dette kan fortone seg som endetidstegn. Voksne føler følgelig angst for sine barns framtid, mens barn føler at de ikke har noen framtid. [...]

Vi lever rikere og lengre liv i dag enn noensinne tidligere. Vi har bedre helse, større frihet og langt mindre besværlige liv enn våre foreldre, for ikke å snakke om våre besteforeldre. Vi i vår del av verden synes også å nyte en polstret og tilnærmet risikofri tilværelse. Vi har funnet en suksessoppskrift: økonomisk vekst. Skulle man likevel være bekymret for miljøet, er økonomisk vekst også løsningen på problemet, hevdes det gjerne. Hvordan skal vi ellers få råd til det grønne skiftet? Solcelleteknologi og vindmøller kommer jo ikke av seg selv.

Det vekstoptimistiske argumentet om at vi får det stadig bedre er nok sant for store deler av verdens befolkning. Argumentet baserer seg imidlertid på noen problematiske forutsetninger, som at mennesket er alle tings mål og mening. Denne forutsetningen er det verdt å utfordre. Om alt annet liv på kloden, med et mulig unntak for våre hunder, katter og andre privilegerte husdyr, kunne uttrykke sitt syn, er det nemlig lite trolig at de ville konkludert med at verden har blitt et bedre sted. For de aller fleste andre livsformer på planeten har veksten – vår vekst – snarere gjort tilværelsen verre. Et tre vokser heller ikke inn i himmelen. Det gjelder også vårt eget.

Av Dag O. Hessen, norsk biolog og professor ved Universitetet i Oslo. Utdrag frå/fra fagboka *Verden på vippepunktet*, 2020

Til ungdommen

Nordahl Grieg skreiv diktet «Til ungdommen» i 1936, då borgarkrig herja i Spania og Hitler hadde kome til makta i Tyskland. / Nordahl Grieg skrev diktet «Til ungdommen» i 1936, da borgerkrig herjet i Spania og Hitler hadde kommet til makten i Tyskland.

Kringsatt av fiender, gå
inn i din tid!
Under en blodig storm –
vi deg til strid!
Kanskje du spør i angst,
udekket, åpen:
hva skal jeg kjempe med,
hva er mitt våpen?

Her er ditt vern mot vold,
her er ditt sverd:
troen på livet vårt,
menneskets verd.
For all vår fremtids skyld,
søk det og dyrk det,
dø om du må – men:
øk det og styrk det!

Stilt går granatenes
glidende bånd.
Stans deres drift mot død,
stans dem med ånd!
Krig er forakt for liv.
Fred er å skape.
Kast dine krefter inn:
døden skal tape!

Edelt er mennesket,
jorden er rik!
Finnes her nød og sult,
skyldes det svik.
Knus det! I livets navn
skal urett falle.
Solskinn og brød og ånd
eies av alle.

Da synker våpnene
maktesløs ned!
Skaper vi menneskeverd,
skaper vi fred.
Den som med høyre arm
bærer en byrde,
dyr og umistelig,
kan ikke myrde.

Dette er løftet vårt
fra bror til bror:
vi vil bli gode mot
menneskenes jord.
Vi vil ta vare på
skjønnheten, varmen –
som om vi bar et barn
varsomt på armen!

Av Nordahl Grieg, 1936. Språkleg/språklig modernisert.



Bilde av en brennende tesla

I «Bilde av en brennende tesla» møter vi Ivy, Faiza og Asha som bur i hiphop-kollektivet YMGM. I dette utdraget er dei på ein demonstrasjon framfor Stortinget og diskuterer om det har nokon verdi å engasjere seg. / I «Bilde av en brennende tesla» møter vi Ivy, Faiza og Asha som bor i hiphop-kollektivet YMGM. I dette utdraget er de på en demonstrasjon framfor Stortinget og diskuterer om det har noen verdi å engasjere seg.

Eidsvoll's plass, 5. juni 2020

- Asha: Faiza, jeg hører ikke hva du sier. Kan du si det igjen?
- Faiza: Jeg sa bare at det her, det hjelper ikke en dritt.
- Asha: Bro, hva mener du? Altså, se på alle folka her, alle har satt seg ned her i protest, alle er her fordi de bryr seg – mener du at det ikke hjelper en dritt?
- Faiza: Det er greit nok at de bryr seg, men det kommer ikke til å forandre en dritt uansett. Først og fremst tar det så mye mer tid og energi å bry seg oppriktig om denne saken her. Det hjelper ikke å bare stå her på en demonstrasjon en gang, liksom.
- Asha: Det hjelper!
- Faiza: Nei, fordi jeg tror ikke denne saken kommer til å forandre verden - om ett år, 10 år, om 50 år, sånn. Jeg tror faktisk verden er mye verre om 50 år, liksom.
- Asha: Shit, ass. Faiza og Ivy, hør her! Jeg er glad i dere, men jeg syns det er fint å se en masse snobbfolk her, jeg. Dette er jo deres verden også, skal vi nekte Sophie Elise å komme hit da?
- Faiza: Nei.

- Asha: Det er jo det du sier.
- Faiza: Nei, jeg bare sier, liksom ... Asha, det føles bare litt rart at de skal være dritpissed nå, som om det gikk opp for dem nå? Jeg skjønner ikke at de forsto nå at verden var urettferdig, liksom. I dag, 2020.
- Asha: OK, men hva skal de gjøre, da? Skal de drite i å komme hit? Skal de drite i å uttale seg? Det er jo jævlig med alle de på Insta som: Jeg lytter! Og tror at de gjør noe bra. Ikke lytt, fuckings si noe og gjør noe. Bruk stemmen din! Møt opp her, da. Møt opp sånn som Sophie Elise gjør og stå der i solidaritet. Altså seff, skal de det? [...]
- Faiza: Jeg bare tenker sånn: Her står det jo folk som bare står og filmer, og det er helt sikkert dem som poster «jeg lytter»-tingen, sånn. Det virker som Sophie Elise er her bare for å få content på Insta-kontoen sin og se woke ut, liksom, nå i dag, men i morgen bryr hun seg ikke om saken.
- Asha: OK, men tenk hvor mye reach Sophie Elise har. Tenk så mange følgere hun har.
- Faiza: Ja, men sånn ... Jeg skjønner ikke, jeg vet da faen ... Jeg synes bare at det jævlig fucked at de skal stå her nå og ikke gjøre noe ellers, liksom. Jeg vet da faen, jeg.
- Asha: Hvorfor er du så jævla stille da, Ivy?
[...]
- Ivy: Lista over problemer er for lang: klimaforandringer, rasisme, ulikheter, båtflyktninger, smarttelefoner, hardcore porno, overvekt, bro! Elsykler, overvåkning, TikTok, abortlovgivning, penger og så videre ... Altså, det er så mye grovt som skjer i verden akkurat nå. Og ærlig, helt ærlig, jeg tror at alle bare er desperate etter at noen skal fortelle dem hva løsningen er.

Transkribert av Utdanningsdirektoratet.

Sophie Elise: Sophie Elise Isaksen, norsk blogger/blogger og instagram-profil

Å se woke ut: å sjå ut som om ein er sosialt vaken og merksam på kva som foregår rundt ein. Spesielt er ein «vaken» for sosial urettferd og undertrykking av marginaliserte grupper./ å se ut som om man er sosialt våken og oppmerksom på hva som foregår rundt en. Spesielt er man «våken» for sosial urettferdighet og undertrykking av marginaliserte grupper

Om reiser

Dessutan meiner eg at det er svært nyttig å reise. Nye og ukjente ting skjerpar evna vår til å observere og held sinnet vårt vakent og i stadig undring. Eg kjenner ingen betre måte – som eg så ofte har sagt – å forme livet på enn stadig å stille det overfor mangfaldet av andre liv, andre tankar og skikkar, og la det prøve ut så mange sider ved menneskenaturen som mogleg. Kroppen er verken uverksam eller overarbeidd, den jamne rørsle held han i form. Eg sit både åtte og ti timar på hesteryggen trass i nyresteinen min, utan å stige av og utan å kjede meg. Eg liker alle årstider, men steikande solskin fell ikkje i smak. Som sjøfuglen liker eg regnvêr og tåke. Luft- eller klimaforandring har eg ingen vanskar med å tole. Himmelen er jo den same overalt, det er berre dei indre forandringane som eg kallar fram i meg sjølv, som verkar på meg, og desse er mindre hyppige på reiser. Det er tungt å få meg i rørsle, men er eg først kommen i gang, kan eg reise kor langt det skal vere. Det er vanskelegare å ta små avgjerder enn store, og det tar meg ofte lengre tid å førebu ein dagstur til ein nabo enn det tar å førebu ei verkeleg reise.

Av Michel de Montaigne, ca. 1580

Mjøsa rundt med mor

Mor og eg har lenge prata om å køyre rundt Mjøsa. Eg veit ikkje korleis vi kom på ideen. Det kan ha vore ein kombinasjon av at mor ikkje kjenner seg like trygg som sjåfør lenger, og at far ikkje har same ønsket om å reise rundt i bil som mor. Far har jobba i årevis som reparatør og salskonsulent for landbruksreiskapar og traktorar. Han har sett mykje av bygdene rundt Mjøsa frå eit bilsete. Å berre sette seg bak rattet og køyre rundt i desse landskapa må vere rar tidsbruk, slik han ser det.

Eg, for min del, har alltid hatt trong til å reise, frå den fyrste mopeden har eg vore kronisk på farten. Med moped var eg ikkje lenger funksjonshemma. Å gå dårleg er ikkje noko problem om ein har eit motorisert køyretøy. Eg lengta bort frå bygda, med mopeden kunne eg køyre så langt eg ville. Då eg var nitten, fekk eg meg bil frå trygdeetaten. Fyrste veka med bil var eg i Sverige to gonger og Oslo éin. På hjul var eg fri.

For nokre år sidan var eg ein av dei siste i landet utan vanleg jobb som fekk tilskot til bil på grunn av funksjonshemming. Solberg-regjeringa fjerna denne ordninga, no er det berre funksjonshemma som arbeider, som har krav på slik stønad. Eg har ikkje vanleg arbeidsgivar, ingen arbeidskontrakt. Eg får halde bilen i gang så lenge eg kan.

Med bilen min er eg fri til å reise kor eg vil, når eg vil. Fridom til rørsle gir berre meining om ein har opplevd å ikkje ha denne fridommen. Verdien av å kunne bevege seg fritt merkar ein nok sterkare om ein ikkje har dette som medfødt i livet.

Av Bjørn Hatterud, 2021. Utdrag frå romanen.

Avskjed

– Eg må nesten gå til bussen eg no, seier Marita under armen hans. Under det varme, hårete beistet som kveiler seg over midja.

– Mmmmmmm, smattar han i øyret hennar. Ho rullar seg over, trakkar med bare føter på det kalde golvet, stig opp på filleryen ved kommoden og trekkjer kjolen over hovudet. Alle golva er kalde i dette einsame huset med eldgamle slektsminner overalt, tenkjer ho og grip bagen og Dior-veska.

– Ha det, seier ho på veg ut i gangen. Ho trakkar ned i sandalane, opnar og lukkar borrelåsen.

Fjærene i senga gjev slepp på han, han går tungt fram på golvet der inne, høyrer ho, og kjem etter, grip fatt i henne med mjuke rørsler som gjer henne svak. Ho som skulle gå. Kroppen kjennes tung, og ho vert ståande beint opp og ned.

– Ser deg neste helg att då, seier han søvnig med munnen mot nasen hennar. Motet piplar og renn ut av porene i huda. Lat meg smelte i deg, tenkjer ho, renne bort, så eg ikkje lenger kjenner kvar eg byrjar og sluttar. Sei at eg skal bli. Ho held pusten. Han tek omkring skuldrene hennar. Han gler seg til det, seier han og bles tungt gjennom nasebora. Ho faldar hendene bak ryggen hans og ramlar saman i kroppen.

– Og så vi som snart skal i bryllaup! smiler ho og kjenner lukta av Lars fyller seg, lukkar augo og pustar han inn. Fuktig skog og tung søvn.

– Skulle du ønske det var oss? spør ho.

– Kva?

– Som skulle gifte oss?

– Gifte oss, seier han og ler.

Marita stramar seg opp. Slepp taket i han, og ler med.

– Jepp, jepp, seier ho.

– Men då fer eg.

– Ja, men ha det fint så lenge, seier han.

– Det er forresten ikkje sikkert eg blir med deg i bryllaupet.

Kanskje skal eg ut med jobben den kvelden, lyg ho. – På ein konsert, eller, ja, noko.

– Å? Ja ja, ok. Du får sende meg ein sms, seier han, – når du veit meir. Prøv å bestemme deg litt raskt, seier han. – For Eva og Jostein vil nok ha beskjed snarast råd om det er slik at du ikkje kan komme. Det er sikkert greitt å vite slikt i god tid.

– Jada, svarar ho irritert.

Dei blir ståande og sjå på kvarandre. Ho frys litt på dei bare armene.

– Ha det då, seier ho og slit opp føtene frå golvet, stappar armene inn i dongerijakka og løfter opp bagen. Lukkar fingrane omkring det kalde dørhandtaket og presser handa nedover. Han står der i den grønne boxeren sin, glisar og toskar seg. Som om det er kjekt dette, tenkjer ho, med avskjed. Lagar ei merkjeleg smatting med munnen, lik den han brukar når han skal få fjordingen sin til å gå framover. Det stinkar stram plikt frå kledda som heng på knaggen ved entrédøra. Kvelande, sveitt fjøsansvar.

– Kjenner du ikkje ansvaret tyngande? spurde ho han ein gong. – For det med garden og alt?

Blir det ikkje litt smått? Litt *vel* forpliktande?

– Nei, veit du. Det gjer meg på ein måte heil, dette med å følge opp slektsgarden, svara han då etter å ha tenkt seg om.

– Eg tenkjer ikkje på det som eit ansvar. Tenkjer ikkje på det som ei plikt. Eg tenkjer på det som ein del av meg. Som det som gjer meg glad. Som det som gjer meg til den eg er. Forstår du?

– Jaja då så, sa ho, for kva anna kunne ho seia, og såg for seg Lars og bestefaren han er oppattkalla etter, og alle beste-far Larsane før det i ei lang rekkje med føtene tungt mot marka.

– Men du må ha takk for ei fin helg, seier han. Han vil attende til senga, vil breie seg der og sove på tvers i alt det varme, når han berre har fått henne av garde, tenkjer ho. Ho ser det nok! Og etter ei stund står han opp, tenkjer ho, og lagar seg kaffi før han tar turen over tunet til dei jævla kyrne sine. Han kjem til å klappe dei tungt på sida med kraftige nevar som har kjærteikna kroppen hennar heile helga, før han koplpar på mjølkemaskina. Og så, tenkjer ho, etter fjøsstellet et han frukost ved bordet attmed kjøkenvindaug og les avisa, medan han ser ut på dei nysprungne bjørkene, og nyt morgonen og stille og alt, utan tanke for henne. Nyt det så inn i helvete, sjølv om regnet silar nedetter.

Han myser mot den skarpe, regnvåte morgonen, og stryk seg over armen.

– Skal eg hente ei brødskeive til deg? spør han. Marita ristar på hovudet. – Ok, seier han, lyfter handa i ei slags vinking, ventar på ein avskjedsreplikk og på at ho skal gå ut på trammen, ned trappene og ut av morgonen. Late han i fred.

– Lars, seier ho.

– Ja?

Ein bil kjører forbi nede på vegen, og kanskje er bussen der snart, så ho må sjå til å få dampen opp. Han ler litt medan han står der med handa lyfta, og augo hennar vert svidande tørre kjenner ho, men ikkje faen om ho kjem til å blunke no. Handveska vert tyngre og tyngre, dragande ytst ute på skuldra, balanserande, mens ho står slik urørleg. Til slutt ramlar den klønet ned og vert hangande etter skulderreima på den bøygde armen, men den får berre bli der. Ikkje pokker om ho plukkar den opp att, tenkjer ho irritert. Det kan han berre gløyme! Dei stirer på kvarande, til augo hans byrjar flakke. Sei noko, tenkjer ho. Sei at eg må bli! At du elsker meg. At det blir så tomt her utan meg. At livet ikkje er det same utan meg.

– Eg må nesten komme meg av garde, seier ho, medan det strittar imot nedi halsen.

– Ok, seier han. – Vil du låne ein paraply?

– Nei.

Ho kjenner framandt at føtene flyttar trassig på seg. Vender augo mot lyset utanfor, opnar og lukkar dei eit par gonger mot regnet, subbar nedetter steintrappene, det luktar intens pollen gjennom regnet, ho snur seg og ser at han alt er borte bak døra.

Ho kastar på hovudet. Gler seg til å komma inn att til byen, kjenner ho. Skal ta lunsjen på kafé i dag, bestemmer ho seg for. Kanskje lettar det for regnet. Då tek ho lunsjen på Verftet. Med boblande Farris og rekebagett ved sjøen. Det blir fint. Og kanskje tek ho seg ein tur ut i kveld. Kvifor ikkje? Ei øl eller fire. Kanskje ho vil møte nokon. Ein eller annan. Det er jo ikkje akkurat slik at dei har lova kvarandre noko, ho og Lars. Marita nærmar seg busshaldeplassen. Håret er vått og leggane kalde. Ja, nett slik er det. Dei har ikkje lova kvarandre noko! Og kor lenge skal ein gå rundt og ikkje bli lova noko? Ho er faen blitt tredve no. Fylte tredve i januar. Brått snur ho seg. Går opp att til det kvitmåla huset. Med sinte, raske steg går ho oppetter den bratte brekka. Forbi steingarden. Forbi dei grønne markene Lars skal til å slå om ikkje så lenge. Dure opp og ned med forhaustaren, skal han. Dag etter dag. Marita bankar ilt på, og når han opnar har han kledd på seg.

– Marita? seier han. – Kjem du att?

Taust banar ho seg veg forbi han. Inn i gangen går ho og han lukkar døra att etter henne.

– Det er slutt, Lars, seier ho. – Mellom oss.

– ???? Augo hans blir store, munnen opnar seg.

– Ja, det nyttar jo ikkje dette!

– Er det slutt? Han set seg langsamt ned på krakken ved telefonbordet. Stirer tomt framfor seg.

– Ja, det var berre det eg ville seie, seier ho hardt og kjenner hjarta hamre og dunke i brystet på seg.

Han seier ikkje noko. Men han gret. Stilt ser han i golvet mens tårene renn som i elver over kinna. Ho sit seg ned framfor han. Ser opp i dei svarte augo hans. Det er som å sjå beint inn i sjela på han, mjukt, vart, hudlaust. Marita kysser kinna og smakar på det salte. Det regnvåte håret hennar er kaldt mot ansiktet hans. Han sit urørleg, medan Marita knappar opp skjorta og dreg den av. Kler han naken og famlar etter handa.

Av Reidun Elise Foldøy, 2008

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!